

15.09.2009

Kurs-start for klatring torsdag



Bjørn Olav Tveit er primus motor for klatreveggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag klokka 17.30 går startskotet for opplæringa i bruken av klatreveggen i Aktivitetshuset, eit nytt og spanande men også krevjande aktivitetstilbod i Uskedalen. Eldsjelane bak prosjektet trur på stor interesse og dei har hatt minst 10 telefonar frå interesserte, også frå andre delar av Kvinnherad.

Primus motor Bjørn Olav Tveit, som også er styreleiar i Aktivitetshuset, opplyser at ein vaktstab på 15-20 allerede er knytta til veggen og at det vil vera tre vakter på plass under kvar økt frå starten.

- Og kva blir oppgåva til vaktane?

- Vaktane, som ikkje må forveklast med trenarar eller leiarar, skal ta i mot dei som kjem for å klatra og sjå til at tryggleiken blir ivareteke, hjelpe dei og gje dei opplæring. Men foreldra er sjølv ansvarlege for sine barn. Dei som er under 16 må vera saman med ein ansvarlig voksen i veggen så lenge klatringa pågår.

- Korleis ser programmet ut framover?

- Det blir familieklatring frå 16 til 18 på sundagar og klatring for voksne frå 18 til 20 same dagen. Torsdag i neste veke startar klatringa for dei mellom 10 og 15 år og den går føre seg mellom klokka 17.30 og 19.

Men denne torsdagen satsar vi altså på opplæring og oppmodar alle som har lyst til å bruka veggen om å stilla opp, denne fyrste gongen utan barn. Dei fleste av vaktene vil då vera på plass og gje grundig opplæring i bruk av klatresele, åttetalsknute og taubrems i tillegg til generell tryggheitsopplæring.

-Blir det dyrt å klatra?

- Slett ikkje, vår pris vil stimulera til aktivitet ettersom den er berre 20 kroner pr. gang eller 200 kroner pr. halvår for kvar klatrar. Vi må ikkje prisa oss ut av tevlinga med sofaen!

- Kven skal stå for drifta?

- Førebels er det Aktivitetshuset som eig og driv veggen, men eg ser ikkje bort ifrå at idrettslaget på sikt vil ta over drifta, eventuelt ved ei eiga gruppe.

Eg vonar at veggen vil bidra til etablering av eit fjellsport- og klatremiljø i Uskedalen. Naturen vår har jo alle dei utfordringane ein kan drømma om med omsyn til klatring. Men paradoksalt nok er det jo slik her som andre stader i landet at dei som bur tett på klatre-eldoradoet ikkje brukar fjellet – det gjer derimot tilreisande byfolk. Og la meg streka under at det er meir gøy å klatra i eit fjell enn i ein trevegg! Men også i ein vegg er det svært viktig å sette tryggleiken i fokus. Dette er ikkje noko leikeapparat, men noko potensielt risikofylt der små feil kan ha store konsekvensar. Men hvis ein gjer alt rett, går det ikkje noko galt, seier Bjørn Olav.

Av Ola Matti Mathisen



Blir det mange i veggen framover? (Foto: Ola Matti Mathisen)